

---

**Fra:** Kjetil Eikefet  
**Sendt:** torsdag 14. februar 2019 14:33  
**Til:** volvo416@hotmail.com  
**Kopi:** Rune Kilen; Irene Nærø Wilhelmsen; Kjetil Spurkeland  
**Emne:** Overtaking av drift og vedlikehald - del av Spjotøyvegen

Hei.

Viser til telefonsamtale tysdag 12.februar.

Det vart spurd etter status på sak, angåande overføring av ansvar for drift og vedlikehald av kommuneveg, som går inn til adresse Spjotøyvegen 52 – 54. (**KV 112, hp2**)  
Slik vegavdelinga ser det er det ingen overføring av eigedom eller omgjering av matrikkelnummer som skal til.

Her er det snakk om privat eigedom med vegareal som kommunen har drifts – og vedlikehaldsansvar for.

Me kan heller ikkje finne noko avtale her hjå oss der kommunen har teke på seg ansvaret for dette arbeidet.

Men ein eller anna gong har det nok berre blitt sånn.

Har du, eller har du sett ein slik avtale?

Eg har funne ut såpass at saka heng litt hjå kartverket og sannsynlegvis litt på vår eiga geodata avdeling.

Har ikkje klart å få dei i tale p.d.d, men skal fylgje det opp, slik at status på veg blir omgjord på kart.

Etter samtalar her på vegavdelinga fattar me vedtak at du som grunneigar kan overta ansvaret for drift og vedlikehald på KV 112, hp2.

Ei slik nedklassifisering er eigentleg ei politisk sak, så vegavdelinga tek atterhald om at vårt vedtak kan bli omgjord ved seinare høve.

Som eg har nemnd til deg så vil vegavdelinga ruste opp vegen til ein slik standard, som me sjølv ville hatt dersom me skulle overta.

Du har sagt at du er villig til å gjere denne jobben sjølv om kommunen heldt massar og anna som trengs.

Me avtalar seinare korleis me gjennomfører dette.

Håpar dette er svar på det du lurar på ikring saka.

Ha ein framleis fin dag.

Mvh

**Kjetil Eikefet | Fagleiar - veg**

E-post: [kjetil.eikefet@lindas.kommune.no](mailto:kjetil.eikefet@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 56 80 | Mobil: +47 47635709  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE